



Her får du tak i alt du treng

Dette biletet kunne vi ha teke nesten kvar som helst i Norge. Når du skal kjøpe ei vare eller ei teneste, får du ofte ordna alt i nærmiljøet ditt. Du treng ikkje kjøre milevis i bil, eller få sendt ei lita pakke med fly frå den andre sida av jordkloden. Dei lokale butikkane kan som regel hjelpe deg med alt du treng både til kvardag og fest.

Når du handlar lokalt, er du også med på å sikre lokale arbeidsplassar og

møteplassar. Dei fleste av oss liker jo levande lokalsamfunn, der folk kjem saman for å slå av ein hyggeleg prat. Vi ønskjer oss alle meir av det!

Landslaget for lokalaviser (LLA) og lokalavisa di starta nyleg ein annonsekampanje nettopp for lokal handel. Litt fordi vi sjølve er avhengige av livskraftige bedrifter og annonsørar, men aller mest fordi vi bryr oss om levande lokalsamfunn.



Difor vil LLA og lokalavisene gjennom annonsekampanjar halde fram med å vise kor viktig det er å bruke lokale krefter og lokale butikkar. Dette gjer vi i samarbeid med andre som også er opptekne av lokal handel.

#handlelokalt